

Kvam herad
Att.: Rådmann Arild Steine
Grovagjelet 16

5600 NORHEIMSUND

Revisjonsrapport nr. 5
(journalføres)

15. april 2013

REVISJONSRAPPORT 2012

1 Innleiing

Vi har avslutta revisjonen av rekneskapen for 2012. Vi vil i det høve gje ei kort utgreiing for utført revisjon i år og for tilhøve som vi ynskjer å ta opp. Rapporten omhandlar tilhøve som vi meiner bør vere av interesse for leiinga i heradet.

I vår revisjon har vi gjennomført dei revisjonshandlingane vi har sett som naudsynte for å få stadfesta at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar og for å avgje vår revisjonsmelding. I tillegg har vi kontrollert kommunen si kontrolloppstilling til lønsoppgåvene.

Deloitte utfører risikobasert revisjon. Dette vil seie at kontrollmetodar og kontrollomfang vert tilpassa risikoen i organisasjon og rutinar. Vi kartlegg og vurderer difor dei viktigaste økonomi- og rekneskapsrutinane for å identifisere kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa.

Basert på utført revisjon har vi notert oss enkelte tilhøve vi meiner heradet si leiing bør vera merksame på. Vi vil presisera at det er leiinga i heradet som er ansvarleg for å etablere og halde oppe ein tilfredsstillande intern kontroll. Som ein del av dette må leiinga sjå til at rekneskapsføringa er i samsvar med lovar og forskrifter og at formuesforvaltning er ordna på ein trygg måte.

2 Uavhengigheit og objektivitet

Vi stadfestar at revisjonsteamet tilfredsstillar dei krava til uavhengigheit og objektivitet for revisorar som reviderer kommunal og fylkeskommunal verksemd, og som går fram av § 79 i kommunelova og som er nærmare konkretisert i forskrift om revisjon av kommunar og fylkeskommunar §§ 13 og 14.

3 Revisjonen gjennom året

Ved vår revisjon gjennom året har vi på nokre utvalde rekneskapsområde kartlagt og testa vesentlege interne kontrollar. I tillegg har vi nytta analysar og kontrolltestar som grunnlag for

å vurdere kvaliteten på årsrekneskapen. Vidare har vi utført direkte kontroll av utvalde postar i rekneskapen.

Vi har ikkje avdekket tilhøve som var av ein slik karakter eller storleik at dei fører til uvisse med omsyn til den framlagde årsrekneskapen.

Dokumentasjonen på årsrekneskapen som er blitt lagt fram for revisjon har hatt tilfredsstillande kvalitet.

3.1 Skriftlege rutinar

Under vår gjennomgang av heradet sin interne kontroll for inntektssida er det avdekket at heradet i liten grad har skriftlege rutinar. Dokumentasjon av rutinar er viktig mellom anna for å sikre at aktivitetar blir gjennomført effektivt, i samsvar med interne retningslinjer og på ein trygg måte. Manglande skriftleg dokumentasjon aukar risikoen for feil i rekneskapen og at heradet kan misse inntekter dei har krav på. Vi vil tilrå heradet å prioritere arbeidet med å dokumentere rutinane sine i 2013.

3.2 Rutinar utgifter

Ved vår gjennomgang av heradet sine rutinar på utgiftssida viser våre testar få feil, men vi observerer at heradet berre har ein signatur av inngåande faktura. Det vanlege er at ein har to signaturar og vi tilrår at også Kvam herad vurderer ein slik rutine.

4 Revisjonen av årsoppgjeret

Revisjonen av årsrekneskapen har i stort grad vore retta mot å verifisere balansepostane per 31.12.2012. Vi har lagt vekt på å kontrollere at inntekter og gjeld er fullstendige og at eigedelar og utgifter er gyldige. I tillegg har vi kontrollert større inntektspostar, som skattar, rammeoverføringar og andre statlege tilskot, og vesentlege utbetalingar, som løn, tilskot, avdrag og avskrivningar.

Vi har gjennom våre revisjonshandlingar ikkje funne vesentlege formelle eller materielle feil i den framlagde rekneskapen. Vi vil likevel kommentere enkelte tilhøve nedanfor.

4.1 Kundefordringar

Gjennomgang av kundefordringar viser at heradet har ei rekkje uteståande fordringar som er av eldre dato, men som enkeltvis er av ubetydeleg beløp. Vi vil gjera merksam på at det alltid er auka risiko for tap når fordringar blir gamle. Heradet har ikkje klart å ta ut ein aldersfordelt reskontro per 31.12.2012 som er lik balansen sidan det ikkje er mogeleg å få ut ein slik oversikt attende i tid.

Det er ikkje gjort nokon generell tapsavsetjing av kundefordringar i balansen då administrasjonen meiner at fordringane vil bli gjort opp. Vi gjer merksam på at heradet har ein post på TNOK 500 som vil bli tapsført i 2013.

4.2 Kortsiktige fordringar

I kortsiktige fordringar inngår ressurskrevjande brukarar med ein avsetnad på MNOK 3,5. Dette er estimert då heradet sin rekneskap blei avlagt før desse vart ferdigstilt. Etter revisjon av ressurskrevjande brukarar viser det reelle beløpet MNOK 8,3. Det vil sei at heradet i 2013 mottek MNOK 4,8 meir enn det som er avsett i rekneskapen for 2012.

4.3 Anleggsmidlar

Avstemming mellom investeringsrekneskapen og prosjektrekneskap, samt avstemming av aktivering i balansen, har vore eit arbeid som har halde fram dei siste åra. Ein har kome langt i høve til tidligare år og vi har berre avdekket avvik av mindre størrelse i 2012.

Heradet har og rydda godt i anleggskartoteket dei siste åra. Når det gjeld avstemming mellom anleggskartoteket og balansen fekk vi eit anleggskartotek som ikkje stemde med rekneskapen. Avstemminga viser at fleire av driftsmidla kommunen eig, ikkje er inkludert i anleggskartoteket. Dette dreier seg om tomtekjøp frå tida før anleggskartoteket vart teke i bruk. Vi tilrår heradet å utbetre anleggskartoteket slik at det til ei kvar tid er ajourført og stemmer med rekneskapen.

I samband med kontroll av avskrivning av anleggsmidlar er det avdekket nokre tilfelle av feil avskrivingsatts. Desse feila fører ikkje til vesentlege feil i rekneskapen. Vi har informert administrasjonen om våre funn og dei har meldt attende at dei vil ta ein full gjennomgang av anleggskartotek i 2013.

4.4 Leverandørgjeld

Ved kontroll av avstemming av leverandørgjeld var det her store avvik i høve til faktisk bokført beløp. Ved etterspurnad om ny avstemming og reskontro viste det seg at det ikkje var mogleg å ta ut ny reskontro attende i tid som stemmer med balanse per 31.12.2012. Leverandørgjeld er såleis ikkje avstemt per 31.12.2012. Vi fekk ny avstemming og reskontro på seinare dato, og har ut frå analysar og vesentleg betraktningar kunne konkludere med at leverandørgjeld framkjem utan vesentleg feil. Vi ber kommunen skrive ut reskontro samstundes med at rekneskapen blir avslutta for 2013, og at leverandørgjeld blir tilfredstillande avstemt.

5 Andre tilhøve

5.1 Utbyte frå BKK

Heradet har motteke utbyte frå BKK AS i 2012 med MNOK 7,2. Utbytet er større enn heradet sin del av BKK AS sitt overskot for 2011 og medfører at delar av utdelinga knyter seg til midlar som kjem frå overkursfond. For Kvam herad utgjer det ekstraordinære utbyte MNOK 4,2 som skal førast over investeringsrekneskapen for 2012, og det ordinære utbyte MNOK 3 som skal førast over driftsrekneskapen for 2012.

I Kvam herad sitt budsjett er utbyte frå BKK i sin heilskap budsjettetert i drift. Det vil sei at MNOK 4,2 var budsjettetert for lite over investeringsrekneskapen og for mykje over

driftsrekneskapen. Etter tilhøvet vart påpeikt frå oss blei utbytedelinga korrigert i den avlagte rekneskapen.

5.2 Justering av budsjett

Jamfør kommunelova §§ 45 og 46 skal kommunen til ei kvar tid ha eit årsbudsjett som er realistisk. Dersom det skjer endringar i løpet av året som påverkar planlagde inntekter og utgifter, skal budsjettet justerast jamfør § 47. Kommunen har eit bruk av lån som langt overstig kva som er budsjettert i investeringsrekneskapen, då det har vorte gløymt å budsjettera for husbanklån. I tillegg er det gløymt å budsjettera for avsetjing til disposisjonsfond. Vi tilrår kommunen å betre budsjetteringsrutinane slik at dei tilfredsstillar krava i kommunelova.

Før ein avsluttar investeringsrekneskapen med udisponert eller udekkja beløp, er det fleire moglege korrigeringar som er forskriftsbestemt at ein gjer. Ved udisponert beløp, skal ein redusera bruk av lån og bruk av ubundne fond så mykje som mogeleg til ein når 0. Dersom driftsrekneskapen står med meirforbruk, skal og overføring frå drift, utover overføring av meirverdiavgift, reduserast. Ved udekkja beløp, skal ein søkje å komme så nær 0 som mogeleg. Dette kan ein gjere anten ved å auke bruk av lån og bruk av ubundne fond opp til budsjettert nivå eller ved å redusere avsetjing til ubundne fond. Ein kan og auke overføring frå drift opp til budsjettert nivå.

I kommunen sin rekneskap, er ikkje dei nemnde korrigeringane gjennomført. For at ein skal kunne gjere korrigeringane, er eit oppdatert og fullstendig investeringsbudsjett heilt naudsynt. Kommunen sitt justerte investeringsbudsjett framstår ikkje som oppdatert og fullstendig, og tilfredsstillar dermed ikkje kravet om realisme.

Vi ber om at kommunen gjennomgår sine rutinar knytt til budsjettering og budsjettjustering for å imøtekome krava knytt til årsbudsjett, samt korrigeringar ved avslutninga av investeringsrekneskapen.

5.3 Endringar i rekneskapen og avslutning

Ved avslutning av rekneskapen for 2012 vart det avdekka at påkomne renter for 2011 ikkje var tilbakeført i 2012. Ved korrigering av dette gjekk driftsrekneskapen frå meirforbruk til mindreforbruk. Kommunen har ved å redusere bruken av tidlegare års overskot fått rekneskapen til å gå i 0, utan å ta omsyn til andre justeringar som jamfør forskrift skal gjerast.

5.4 Frist for å leggje fram årsrekneskapen

Årsrekneskapen skal leggjast fram seinast 15. februar året etter rekneskapsåret. Denne fristen blei ikkje overhaldt for årsrekneskapen 2012, og vil stå som ei presisering i vår revisjonsmelding.

6 Avslutning

Vår revisjonsmelding vil innehalde ei presisering om at kommunen ikkje har lagt fram rekneskapen innan gitt frist.

Dersom noko skulle være uklårt i framstillinga ovanfor, eller at det er trong for hjelp i samband med konkretisering og gjennomføring av tilrådde tiltak eller andre tilhøve, står vi gjerne til teneste.

Med venleg helsing
Deloitte AS



Bjarne Ryland
statsautorisert revisor

Kopi: Kontrollutvalet